


Vedlegg 5

Nornes vassverk


Nornes vassverk forsyner Nornesfeltet og øvre del av Nornes, i storleiksorden 50 bueiningar eller om lag 250 PE. Det er to større reguleringsplanar knytt til feltet. Etter tal frå SSB er det estimert ulike vekstalternativ for området, og naudsynt kapasitet for vassverket er vurdert ut frå det høgste alternativet.

Det er i Bustadanalysen for Sogndal kommune ikkje kommentert vidare utviklingspotensiale for Nornes då reguleringsplanane skildrar dette direkte.

Det er om lag 3km med vassleiding knytt til vassverket, for å halde fornyingstakta på under 100 år må ein fornye i gjennomsnitt 30m i året. Store deler av nettet er lagt ved etablering med det originale feltet på 1970-talet, leidningsnettet er då om lag halvveges i levetida. Det er fylgjeleg ikkje lagt opp til fornying av nettet i planperioden.



Figur 1-1: Forsyningsområde Nornes vassverk



		Skildring	Status
Vass- kjelde	Ordinær	Borehol i fjell i øvste del av bustadfeltet, etablert rundt år 2000. Brønnpumpe har kapasitet på 1,4 l/s, og anlegget har utjamingstank for råvatn på 10m ³ . Brønnen har ved enkelte høve sommarstid ikkje klart å levera nok vatn, truleg grunna kombinasjon av tørt, varmt vêr og hagevatning. Ved realisering av reguleringsplanar i området har ikkje brønnen nok kapasitet. Råvatnet er av svært god kvalitet: fargelaust og svakt basisk med lågt partikkelinnhald og ingen tilfelle av påvist e.coli.	
	Reserve	Ingen reserve, ikkje aktuelt å etablere, ved behov blir området forsynt av tankbil	
	Krise	Det originale brønnenanlegget frå 1970-talet ligg nedlagt midt i feltet, og kan ved ei krise etablerast på nytt. Det er lågt sannsyn for at dette blir teke i bruk, då anlegget kan forsynast med tankbil.	
Vass- behandling	Ordinær	Det er etablert UV-dosering i tilknytning til brønnenanlegget, utan forfiltrering. Berre ei linje, ingen redundas. UV-anlegget har kapasitet på 10m ³ , såvidt tilstrekkeleg til å ta forbrukstoppar sommarstid. Eit nytt høgdebasseng som ville gitt ei jamnare last på vassbehandlinga. Nettet vert trykklaust ved service på UV. Ved realisering av reguleringsplanar i området vert eksisterande vassbehandling utilstrekkeleg.	
	Reserve	Ingen reservevassverk, ikkje aktuelt å etablere, ved behov blir området forsynt av tankbil	
	Krise	Ingen krisevassverk, ikkje aktuelt å etablere, ved behov blir området forsynt av tankbil	

Transport-system	Høgde-basseng	Råvasstank, ca. 10m ³ , utjammingsvolum		
		Totalt utgjer bassengvolumet 10 timar med forsyning, ved straumstans er det 0 timar forsyning.		
	Overførings-leidningar	Ingen overføringsleidning		
	Distribusjons-leidningar	Distribusjonsnettlet vart etablert ved utbygginga av bustadfeltet, estimert 1975, og er i god stand. Det er få høve til ringforsyning, men er òg få behov.		
	Trykk-regulering	Vassverket har to pumpeanlegg:		
		Brønnpumpe		
		Trykkaukepumper		
		Vassverket har eit trykkreduksjonsanlegg:		
		Ballbingen		
	Brannvass-dekning	Vassverket på Nornes er ueigna for brannvassuttak, sjølv om det finst brannventilar.		
	Forbruk	Vassverket har eit gjennomsnittsforkbruk på ca. 0,27 l/s. Det er berre privathusstandar tilknytt vassverket.		
Vassverket har berekna lekkasjedel på 10%, som gir 0,04 m ³ /time pr. km leidning. Vurderingane er basert på levert mengde ut frå vassbehandlinga.				
Abonnentar	Det er knytt 58 abonnentar til vassverket, tilsvarande 150 PE, med fleire reguleringsplanar knytt til området. Realisering av planane vil føre til behov for utviding av anlegget, og gjeve dette er det ikkje estimert noko naturleg utvikling innan 2030 eller 2050.			